

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 23. Fylke: Møre og R.
 Tilleggsspørsmål nr. Herad: Sande
 Emne: Bordskikk til hverdags Bygdelag: Voksa.
 Oppskr. av: Torvald Baade Gard: Voksa
 (adresse): Voksa G.nr. 63. Br.nr. 2.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

-SVAR

1. Ja. Når ein ikkje hadde det så travelt at ein bar mat en til arbeidsplassen og åt der.
2. Heile huslyden sat kring same bordet, men ifall det var små rom og mange born, so kunne det henda at nokre av borna åt på kjøkenbenken, men dette var undatak. Å jaga nokon frå bordet, var mest jamgodt med å jaga han heimanfrå. Skikken er den same enno.
3. Alle et på same tid. Men det er å merka at no er det mest berre familjemedlemmer, då ingen har råd å ha tenarar slik som i gamle dagar.
4. Det var same maten til å alle.
5. I fall kjøkenet er stort nok, so er det fast skikk at alle et der til kvardags. I helga og til høgtids er
6. stova brukt, men både husbondsfolk og tenarar et saman. Kan einast vera at når det kjem mykje framandfolk og det vert forlite plass, at ein då delar på det slik at husbondsfolket og dei framande et i stova medan born og tenarar held til på kjøkenet.
7. Det er både og - dei vaksne har på ein måte sine faste plassar, men no er dette meir ei vanesak enn ein fast skikk. Før var det slik at husbonden sat i "hoksetet" "inna i bordet" og born og tenarar på "forsetet" utta i bordet". Elles trur eg knappt ein kan seie der var noko viss "plasering".
8. Nei, det kan ein ikkje seie. Sjølsagt måtte ein lage til sessen for ungane slik at dei nådde opp på bordet, so det kunne vel henda at dei stod attmed stundom, eller på kne på ein benk, men at der var nokon fast ritus med dette, nei det har eg ikkje merka.
9. Det namnet er ikkje lenger brukt og ikkje høver det heller i slik husa er innreidde no. Det kan vel henga litt att av det gamle, med di husbonden oftast er plassert med ansiktet mot døra, slik det alltid var med "hoksetet" i eldre tid.
10. Heidersplassen i moderne hus er ikkje god å finne, men truleg er det "øvste" enden av bordet, der ein sit minst uroa av dei som går ut og inn med mat og kjørelid. "Neste" enden av bordet er den enden som er nærast døra.
11. Nei ikkje til overmål. Det kom elles an på kva arbeid ein hadde havt for seg før maten. Stort sett kan ein seie at det er sameleis enno. Men å ta av seg huva eller hatten når ein åt, det var vanleg "folkeskikk" og det gjorde alle. Eg trur den skikken er nokså gamal.

- 2
12. Før åt ein gjerne graut av same fatet alle, ja det var vel sameleis med suppa og, men etter 1900 er det vanleg med kvar sin talerken både til graut og suppa. Nei eg veit ikkje om anna enn at kvar hadde sin "sul-kopp" antan det var ei krusskål eller ei treskål. I 1840 åra tok det til å verta vanleg med kvar sin talerk til å ha maten på når ein åt til middags. Talerkane var av tre og ~~kallast~~ kallast "borosk" (kanskje ei slurvut samandraging av "borddisk".) men var det folk med lite råd, so var det nok lenge etter den tid at bordplata laut tene som talerk. Når ein åt graut, so var det vanleg åtferd at ein tok graut i skjeia og stakk skjeia med grauten på nedi sulkoppen og so bar det til hols med både graut og sul. Mange gjer det slik enno og sume drikk sulet attåt eller har sulet på talerken saman med grauten og et det samfengt. Kaffidrikkinga har vel hjelpt til at kvar skulde ha sin kopp, men det var på veg mot kvar sitt kjerald før den tid, sjøl om det var større kjerald som var brukt antan dei no var av krus eller tre.
13. Dette med å setja gryta på bordet og forsyne seg av den, må vera svært gamalt og ute av bruk før mi tid. Hende det nokon var so "primitiv", so gjekk det gjetord av det, og både mannen og kanskje endå meir kona vart til eit "bygdabin". Når der var framande gjorde ein seg meir umak med framberinga, og tok av dei beste og finaste kjørrel ein hadde, alt etter som gjesten var, men oftast fekk gjesten eta for seg sjøl, kanskje etter dei andre og fekk eit kvart ekstra attåt kvar dagsmaten.
14. Ja det var vanleg med både "sildebitar", livrebitar og smørbitar. Sildebitar var ~~skixskix~~ spikesild poteter og havrebrød. Ein reinska silda og la den på brødet med varme poteter oppå og so eit brødstykke tilslutt. Der med var biten ferdig og ein åt den, kanskje med nokre supaskjeier attåt. Det var vanleg middagsmat i dei fleste heimar herikring serleg utover hausten når ein hadde fatt i feit god småsild og nye poteter. "Livrebitar" var det når ein hadde fersk fisk og lever. Dei vart laga av havrebrød (flatbrød) med eit lag kokt fiskelever på og so fisk og poteter på dette og til sist meir brød. Lika ein feitt, so stakk ein biten ned i livrefatet og fekk med meir av feittet som var kokt ut av livra. Det er kraftig kost og god både til å arbeide på og til å sove på. Det er mykje brukt i fisketida både til middag og til kveldsmat med fiskesupe attåt. Smørbitar med poteter og salta "flatmagar" (sundmagar) rivne av torskeryggar, var ofte ståande rett til frukost sundagmorgon, serleg før 1900. Så var det rjomebitar åt borna når dei var snilde, og i tronge tider grautbitar med sirup på.
15. Det er knapt sett på som ein god skikk, men det er for mange som gjer det til at ein kan kalle det uskikk.
16. Same svar som under 15.
17. Nei det kan eg ikkje seie. Truleg vart det ålmennt med å bruke gaffel millom 1870 og 1900 til ymse slag mat, men enno vert det ete med kniven og enno vert fingrane brukt når det er hendingare enn å bruke gaffel.
18. Ja det kan ein seie, endå det tidleg var vanleg med bordknivar, bordjungar, eller berre jungar. Namnet junge heng enno atti når det vert tala om bordkniv og det var vel desse jungane som var våpnet åt kvinfolka veit eg.
19. Ja til vanleg. Det hende vel at den var merkt med namn, men oftast var det vel andre kjennemerke ein hadde på den.

Skjeia var av tre, og når det var gromt var den av horn. Sylvskeier var brukt berre i høgtider og fest. Når ein hadde ete frå seg, var det å sleikje skjeia rein, setja den i skjeihaldet på veggen, og so visste ein kvar den var neste gong det var bruk for den.

21. Bordduk brukte ein berre i største høgtidene og slik er det framleis. Ja når ein har gjester vert bordet duka, elles ikkje. Og duken tek ein av når ein har ete. Sjølsagt er det annleis i "stasstova", men det er ikkje noko å fortelje om.
22. Alle desse måtane vert brukt.
23. No er det vanleg. Før vart nok maten etla til kvar. Stundom all maten, stundom noko av den og då var det sakte faste takstar for kva som skulde til åt ein kar eller eit kvinnfolk. Kvinnfolkkrasjonen låg omlag på 2/3 av det ein kar trong. Elles kom det an på husmora om ho var gnita og småskora eller hohadde lag med å dele på det som var slik ingen fekk for lite. Begge deler vart ettehugsa lenge etter dei var død og nedgrevne.
24. Det var så ymse. Kvar hadde gjerne si vis og so kom det noko an på kva dei hadde å ta av
25. Sjå ovånfor under 23.
26. 3 - 4 og 5 år. Det er inga fast grense for det, det fell av seg sjøl. Ein av dei eldre, vel oftast mora.
27. Ja det var vanleg at ein togg åt småborna.
28. Det er så ymse. Sumestad les borna etter tur, andre stader les ein stillt alle og andre stader les ein slett ikkje. Det gjer inga forskjjel om der er framande eller ikkje.
29. Ja, men med måte. Og slik er det enno. Det vaer - og er meininga at husbonden styrde litt frami so ikkje snakket førde ut på viddene.
30. Det er ikkje ordtak eller herming om at det var uhøveleg å læ attmed bordet.
31. Det er litt vanskeleg å syngja med munnen full av mat, difor er det kanskje sett på som uhøveleg. Å plystre attmed bordet er i alle fall sterkt forbode. Der er vist eit ordtak: Mannen visste ikkje at kjerringa var gala (sinnssjuk) før ho song attmed bora.
32. Ja det høyrer med til å halda bordskikk.
33. Ikkje dei som er medlemmer av familja.
34. Han helste og sa: signe maten.
35. Nei ikkje utan han var langframand, slik at ein trudde han trong om mat.
36. Det er so ymse og kjem an på om ein har det slik, om ein har hug til det og mykje anna.
37. Det er so ymse og kjem an på kven gjesten var. I jula f. eks. skulde allae som kom innom, ha traktering - so dei ikkje bar ut att jula. Og noko av dette heng atti enno.
38. Det var kaffien som var snarast å trive til og som oftast vart brukt, men å ha kjelen på omnen heile dagen, nei det vert sett på som ein fornermelse om det vert sagt om ei husmor
39. Til vanleg gjer ein det, men er det nokon som skal gjerast ekstra stas på, so får han sitje i stova å verta oppvarta av husmora medan husfaren stundom kan eta ilag med, stundom kan sitja der å prate og stundom vera ute på arbeid

- 40. I gamle dagar var det fast skikk å nøyda og la seg nøyda. Det var ublygt anna.
- 41. Æa det er oftast husmora som gjeng til og frå og ser etter at han ikkje vantar noko, og som pratar om laust og fast, slik at gjesten ikkje treng vera blyg, eller spara på maten, men forsyne seg av hjartans lyst. På hi sida må det ikkje sjå slik ut at ho sit å reknar ihop kor mykje han et - tel tuggene som det vert sagt.

[Faint, illegible text, likely bleed-through from the reverse side of the page]